

Budsjettinnspel frå Ungdomsrådet

Øvrebygdo skule:

Ungdomsrådet meiner at det er viktig å bevare grendaskulane i Fitjar. Ei nedlegging av Øvrebygda skule vil gjera bygda mindre attraktiv for tilflyttarar. Me trur at det vert for liten plass på Rimbareid dersom alle skal gå på same skulen. Me er i mot nedlegging av Øvrebygda skule.

Sfo: Me ønsker å bevare Sfo dersom skulen ikkje vert lagt ner.

Me har lite tru på at Øvrebygda Arena vert realisert. Det er ein stor investering for ein stram kommuneøkonomi. Me trur heller ikkje at det vert mogeleg at kommunen står for drifta av bygningane med straum og vedlikehald når det ikkje er skuledrift der.

Me meiner at måten ein kan møte den store eldrebølga på, er å bruka pengar no på å gjera Fitjar attraktivt for barnefamiljar å flytta her til. Då får ein fleire til å jobba, og betala skatt.

Ungdomsrådskoordinator bør ha større stillingsprosent som er øyremerka til ungdomsrådet.

Me ønsker at ein tilbakefører kuttet på kr. 95 000,- i bokbudsjettet. Det er viktig for barn og unge si utvikling av gode lesekunnskapar. Viss det berre er gamle bøker er det ikkje interessant å låne bøker.